



## MØTEBOK

|                 |   |
|-----------------|---|
| <b>Organ</b>    | <b>Fagopplæringsnemnda</b>                            |
| <b>Møtestad</b> | <b>Fylkeshuset, Leikanger Møterom: Åskora 5. etg.</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>16.03.2017</b>                                     |
| <b>Kl.</b>      | <b>11:30 – 13:45</b>                                  |

**Faste medlemmer til stades:**

Nils P. Støyva (LO)  
Eli Grov Østerbø (LO)  
Henrik Oppen (HO)  
Rune Hovland (Lærarorg.)  
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)  
Gunnlaug Olsvoll Røed (KS) deltok på telefon  
Niklas Våtevik (lærlingrepr.)  
Hildegunn Tretteteig (YS)

Forfall til møtet:

Jan Atle Stang (NHO)  
Hans-Jacob Sunde (VIRKE)  
Joakim Gram Haugum (elevrepr.)

Varamedlemmer til stades:

Ingen vararepresentantar hadde høve til å møta

Til stades med møte- og talerett:

Kontorsjef Ingeborg Lie Fredheim  
Jorunn Eide Kirketeig (repr. opplæringskontora)

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Sissel Brusegård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 15.02.2017 vart godkjend utan merknader.

## **SAK 4/17 Justering av opplæringstilbudet 2017-18**

**Fylkesdirektøren la fram saka utan tilråding.**

**Endringsframlegg:**

**Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til vedtak:**

**Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbudet for skuleåret 17/18:**

Ved dimensjonering av tilbudet innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar i dei ulike faga. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskjer. I framlegget er det kommentert tal grupper og samla dimensjonering på fylkesnivå. Tilbudet og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng. I uttalen er også VG 2 tilboda vektlagt.

### **Bygg- og anleggsteknikk**

Det er gledeleg stor søknad til dette faget. I byggenæringa er det stor trong for fagarbeidarar på dette fagområdet. Til VG1 er det større søknad enn utlyste plassar. Søknaden er stor både i Sunnfjord og Nordfjord. Det må difor aukast opp med ei gruppe. Også til VG2 er det god søknad. Samstundes er det god tilgang på læreplassar. I anleggsmaskinfaget må det aukast opp med ei gruppe. Utover dette bør dimensjoneringa vere som utlyst.

### **Elektrofag**

I elektrofag er det bra samsvar mellom søknad og utlyst tilbud. På dette fagområdet har opplæringskontoret vore tydeleg på at tal læreplassar ikkje kan aukast. Dimensjoneringa bør vere som i dag. Det same gjeld inntak til andre året. Her bør den samla dimensjoneringa vere som utlyst.

### **Teknikk og industriell produksjon**

I TIP faga er det noko nedgang i søknaden. Dette er endå tydelegare på nasjonalt nivå. Tal søkjarar til VG1 stemmer bra med utlyste grupper. Dimensjoneringa bør vere tal utlyste grupper. Også til VG2 er det bra samsvar mellom søknadar og utlyste grupper. Vi har merka oss at det er stor søknad på bilfaget i Sunnfjord. Fagopplæringsnemnda er oppmerksom på at TIP har kryssløp til fleire fag.

### **Helse- og oppvekstfag**

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søknaden til helse- og oppvekstfag. Fagopplæringsnemnda er glade for dei høge søkjartala sett i høve til tidlegare år. Særleg er søknaden god til VG1 i fylke. I dette faget er det aukande tilgang til læreplassar. Tal VG1 grupper må aukast med to grupper. Til VG2 er det meir samsvar mellom tal søkjarar og utlyste grupper. Ute i kommunane er det aukande behov for faglært arbeidskraft som kan arbeide både i oppvekst- og omsorgsyrka. Fleire kommunar i fylket tek diverre framleis inn alt for få lærlingar. Det er elles positivt at Helse Førde vil ta inn helsefagarbeidarlærlingar.

### **Naturbruk - maritime fag**

I dei maritime faga er det bra søknad. Denne har auka frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen er likevel tydelege på at det ikkje er auka tilgang på læreplassar. Gruppetalet og dimensjoneringa bør difor vere som i dag.

### **Restaurant- og matfag**

Det har over fleire år vore dårleg søknad til dette faget. Dette til trass for at det er god tilgang på læreplassar og det er stort behov for faglært arbeidskraft. Det må også nemnast at

fylkeskommunen har bygt ut dette faget gjennom store investeringar ved Sogndal vg skule. Søkjartalet til VG1 tilseier at tal grupper diverre må vurderast å reduserast med ei gruppe. Til VG2 er søkjartalet i samsvar med tal utlyste grupper. Vi har særskilt merka oss at søkjartalet ved Sogndal vg skule er lågt på dette fagområdet. Skulle likevel det endelege søkjartalet visa eit auka grunnlag så ber fagopplæringsnemnda om at det utlyste tilbodet på VG1 vert oppretthalde.

### **Service og samferdsel**

Også til service- og samferdsel er søkjartalet lågt trass ein svak auke frå 2016. Det er stor trong for arbeidskraft innan dette fagområdet og det er bra tilgang på læreplassar. Søknaden til VG1 er samsvar med tal utlyste grupper. Til VG2 er det også bra samsvar mellom samla tal søknadar og utlyste grupper. Dimensjoneringa bør vere som i utlysinga. Det er grunnlag for tre grupper i fylket innan VG2 transport og logistikk.

### **Fylkesdekkande og landsdekkande tilbod**

Fagopplæringsnemnda har merka seg at søkjartala til kjemiprosessfag kunne vore betre. Dette tilbodet er fylkesdekkande og har god tilgang på læreplassar. Frisørfaget har dette året fått god søknad. Dette er ei gledeleg utvikling. Landsdekkande tilbod innan industriell møbelproduksjon bør setjast i gang.

### **Marknadsføring av tilbod**

Nokre fag har dårleg søknad sjølv om tilgangen på arbeidsplassar og læreplassar er svært god. Søknaden har vore dårleg over fleire år. Dette gjeld særleg restaurant- og matfag samt service- og samferdsel. For å forsøke å få opp søknaden må ein gå nye vegar. Etter fagopplæringsnemnda sitt syn må dei næringane som manglar arbeidskraft sterkare på bana. Også nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen må koplast på arbeidet inn mot næringslivet. Fagopplæringsnemnda oppmodar nærings- og kulturavdelinga og hovudutval for næring og kultur om å setje i gang eit prosjekt/tiltak med mål om å få fleire søkjarar til fag som manglar arbeidskraft. Nærings- og kulturavdelinga vert også oppmoda om å delta aktivt i arbeidet for å få fleire søkjar til desse viktige faga.

### **Tal læreplassar**

Tal læreplassar i dei ulike fagområda er ein viktig føresetnad for dimensjoneringa av dei ulike fagområda i den vidaregåande skulen. Fagopplæringsnemnda og opplæringsutvalet får kvart år orientering om tilgang på læreplassar i dei ulike faga. Men det er svært ofte diskusjon om tala som vert lagt fram er rette. Fagopplæringsnemnda oppmodar opplæringsavdelinga og opplæringskontora om å gå nøye gjennom talgrunnlaget og om mogeleg bli samde om tal læreplassar i dei ulike fagområda. Dette må gjerast i god tid får justeringssaka kjem opp til handsaming i mars månad.

### **Avrøysting:**

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

#### **Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 17/18:**

Ved dimensjonering av tilbodet innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar i dei ulike faga. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskjer. I framlegget er det kommentert tal grupper og samla dimensjonering på fylkesnivå. Tilbodet og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng. I uttalen er også VG 2 tilboda vektlagt.

#### **Bygg- og anleggsteknikk**

Det er gledeleg stor søknad til dette faget. I byggenæringa er det stor trong for fagarbeidarar på dette fagområdet. Til VG1 er det større søknad enn utlyste plassar. Søknaden er stor både i Sunnfjord og Nordfjord. Det må difor aukast opp med ei gruppe. Også til VG2 er det god søknad. Samstundes er det god tilgang på læreplassar. I anleggsmaskinfaget må det aukast opp med ei gruppe. Utover dette bør dimensjoneringa vere som utlyst.

### **Elektrofag**

I elektrofag er det bra samsvar mellom søknad og utlyst tilbud. På dette fagområdet har opplæringskontoret vore tydeleg på at tal læreplassar ikkje kan aukast. Dimensjoneringa bør vere som i dag. Det same gjeld inntak til andre året. Her bør den samla dimensjoneringa vere som utlyst.

### **Teknikk og industriell produksjon**

I TIP faga er det noko nedgang i søknaden. Dette er endå tydelegare på nasjonalt nivå. Tal søkjarar til VG1 stemmer bra med utlyste grupper. Dimensjoneringa bør vere tal utlyste grupper. Også til VG2 er det bra samsvar mellom søknadar og utlyste grupper. Vi har merka oss at det er stor søknad på bilfaget i Sunnfjord. Fagopplæringsnemnda er oppmerksam på at TIP har kryssløp til fleire fag.

### **Helse- og oppvekstfag**

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søknaden til helse- og oppvekstfag. Fagopplæringsnemnda er glade for dei høge søkjartala sett i høve til tidlegare år. Særleg er søknaden god til VG1 i fylke. I dette faget er det aukande tilgang til læreplassar. Tal VG1 grupper må aukast med to grupper. Til VG2 er det meir samsvar mellom tal søkjarar og utlyste grupper. Ute i kommunane er det aukande behov for faglært arbeidskraft som kan arbeide både i oppvekst- og omsorgsyrka. Fleire kommunar i fylket tek diverre framleis inn alt for få lærlingar. Det er elles positivt at Helse Førde vil ta inn helsefagarbeidarlærlingar.

### **Naturbruk - maritime fag**

I dei maritime faga er det bra søknad. Denne har auka frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen er likevel tydelege på at det ikkje er auka tilgang på læreplassar. Gruppetalet og dimensjoneringa bør difor vere som i dag.

### **Restaurant- og matfag**

Det har over fleire år vore dårleg søknad til dette faget. Dette til trass for at det er god tilgang på læreplassar og det er stort behov for faglært arbeidskraft. Det må også nemnast at fylkeskommunen har bygt ut dette faget gjennom store investeringar ved Sogndal vg skule. Søkjartalet til VG1 tilseier at tal grupper diverre må vurderast å reduserast med ei gruppe. Til VG2 er søkjartalet i samsvar med tal utlyste grupper. Vi har særskilt merka oss at søkjartalet ved Sogndal vg skule er lågt på dette fagområdet. Skulle likevel det endelege søkjartalet visa eit auka grunnlag så ber fagopplæringsnemnda om at det utlyste tilbudet på VG1 vert oppretthalde.

### **Service og samferdsel**

Også til service- og samferdsel er søkjartalet lågt trass ein svak auke frå 2016. Det er stor trong for arbeidskraft innan dette fagområdet og det er bra tilgang på læreplassar. Søknaden til VG1 er samsvar med tal utlyste grupper. Til VG2 er det også bra samsvar mellom samla tal søknadar og utlyste grupper. Dimensjoneringa bør vere som i utlysinga. Det er grunnlag for tre grupper i fylket innan VG2 transport og logistikk.

### **Fylkesdekkande og landsdekkande tilbud**

Fagopplæringsnemnda har merka seg at søkjartala til kjemiprosessfag kunne vore betre. Dette tilbudet er fylkesdekkande og har god tilgang på læreplassar. Frisørfaget har dette året fått god søknad. Dette er ei gledeleg utvikling. Landsdekkande tilbud innan industriell møbelproduksjon bør setjast i gang.

### **Marknadsføring av tilbud**

Nokre fag har dårleg søknad sjølv om tilgangen på arbeidsplassar og læreplassar er svært god. Søknaden har vore dårleg over fleire år. Dette gjeld særleg restaurant- og matfag samt service- og samferdsel. For å forsøke å få opp søknaden må ein gå nye vegar. Etter fagopplæringsnemnda sitt syn må dei næringane som manglar arbeidskraft sterkare på bana. Også nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen må koplast på arbeidet inn mot næringslivet. Fagopplæringsnemnda oppmodar nærings- og kulturavdelinga og hovudutval for næring og kultur om å setje i gang eit prosjekt/tiltak med mål om å få fleire søkjarar til fag som manglar arbeidskraft. Nærings- og kulturavdelinga vert også oppmoda om å delta aktivt i arbeidet for å få fleire søkjarar til desse viktige faga.

### **Tal læreplassar**

Tal læreplassar i dei ulike fagområda er ein viktig føresetnad for dimensjoneringa av dei ulike fagområda i den vidaregåande skulen. Fagopplæringsnemnda og opplæringsutvalet får kvart år orientering om tilgang på læreplassar i dei ulike faga. Men det er svært ofte diskusjon om tala som vert lagt fram er rette. Fagopplæringsnemnda oppmodar opplæringsavdelinga og opplæringskontora om å gå nøye gjennom talgrunnlaget og om mogeleg bli samde om tal læreplassar i dei ulike fagområda. Dette må gjerast i god tid får justeringssaka kjem opp til handsaming i mars månad.

-----